



Familien Palm samla på Uskedalen Brygge, Gaby, Harry, Natalie og Marci

Den tyske familien Palm har feriert i Uskedalen den siste veka. Mor, far og to born på 18 og 19 år kjem frå Rostock. Dei kom med ferje til Trelleborg, har køyrt gjennom Sverige og har vore innom Oslo, Lillehammer, Åndalsnes før dei kom til Uskedalen.

Harry Palm er professor i akvakultur ved universitetet i Rostock og har før vore på studieopphald i Noreg. Han skjønar litt norsk.

Med kjennskap til ein seksjonseigar fekk dei tilbod om å bruka ei leileghet i Beinavikjo. Ei veke med vakkert ver i Uskedalen har vore det beste med heile turen.

Ein har nytta tida til fiske på fjorden, båttur, tur opp i Uskedalen og ikkje minst dagstur til Bergen. I lånt oselvar la far og son ut på rotur til Skorpo. I stiv kuling og motvind fekk ein slep attende til Beinavikjo,- ei artig hending å ta med frå ei minnerik veke i Uskedalen.

I morgon, måndag, går turen vidare til Stavanger og Kristiansand før retur til heimbyen Rostock.



Fiske og bruk av robåt har vore ein del av ferieveka i Uskedalen

Tekst/foto: Kristian Bringedal
Nett: Thor Inge Døsland